



Geir-Atle Hindenes

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/1037 - 19/13105

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen

Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:

26.04.2019

Tillatelse til utvida bruk av eksisterande avkøyrslе for veg til tomt som er søkt frådelt frå gbnr 21/1

Tiltak:	
Byggjestad:	Gbnr: 21/1
Tiltakshavar:	
Ansvarleg søkjar:	

Saka gjeldt søknad om utvida bruk av avkjørsel til kommunal veg for tomt som er søkt frådelt på gbnr 21/1 datert 13/3-19.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Det er søkt om å få nytte eksisterande avkøyrslе på gbnr 21/1 som i dag er tilknytta veg til eigedom med gbnr 21/41, i samband med frådeling av tomt på gbnr 21/1.

Grunneigar har sendt inn erklæring om vegrett over gbnr 21/1 for den nye tomta.

Vurdering/drøfting:

Slik avkøyrslе ligg i dag er det god sikt i begge retningar. Den kommunale vegen endar rundt 400m lenger framme på ein gammal steinkai på privat grunn. Staden avkøyrslе er etablert på og at den kommunale vegen er ein veg som endar ved sjø utan parkering, gir grunnlag for å tru at det berre er lite og lokal trafikk på denne vegen. Det skal ikkje vera noko som hindrar at denne avkøyrslе skal kunne nyttast til ei ekstra tomt på gbnr 21/1.

Dersom frådelinga vert gjennomført, anbefaler vegavdelinga at vegretten over 21/1 vert tinglyst for å sikre framtidige eigarar av den nye tomta vegrett med tilkomst til offentleg veg.

Samandrag/konklusjon:

Det kan bli gitt tillatelse til utvida bruk av eksisterande avkøyrslе for tomt som vert skilt frå gbnr 21/1.

Det vil då vere 2 bustader som har tilknytting til den kommunale vegen via denne avkøyrslе.

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567

Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Vedtak:

kommune gjev løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsel til kommunal veg med heimel i veglova §§ 40 til 43.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktsona kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsla.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Rune Kilen
avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen
ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Byggesak
Byggesak - sakshandsamar

Mottakarar:

Geir Atle Hindenes

Hindenesvegen 5993

OSTEREIDET

Mottakarar:

832

Geir-Atle Hindenes